

22/7042 - Høringssvar fra Seljord kommune på Høring - Evaluering av statsforvalterenes geografiske inndeling - via regjeringen.no

Vårt saksnummer: 22/7042

Høring: Høring – Evaluering av statsforvalterenes geografiske inndeling

Levert: 02/14/2023 11:31:15

Svartype:

Gruppering av høringsinstanser: Kommune

Avsender: Seljord kommune

Kontaktperson: Rikke Raknes

Kontakt e-post: rikke.raknes@seljord.kommune.no

Seljord kommune vedtek høringssvar angående statsforvaltar sin geografiske inndeling slik det her ligg føre.

Uavhengig av framtidig struktur er det behov for at statsforaltaren også har lokalisering i øvre Telemark.

1 Embetene må sørge for bedre intern samordning mellom fagområder ut mot kommunene.

Seljord kommune støtter tilrådinga og dei grunngjevingane som ligg bak denne. Sjølv om endringa har ført til økt harmonisering, snakkar fagområda ikkje godt nok saman.

2 Departementene må legge til rette for at ulempene som følger av funksjonsorganisering av statlige etater for statsforvaltaren sin samordningsrolle blir kompensert.

Seljord kommune støtter tilrådinga og dei grunngjevingane som ligg bak denne. Som følge av at fleire regionale statsetatar har gått over til ei funksjonsbasert organisering med landsdekkande oppgåveløysing, har også statsforvaltaren sin samordningsrolle blitt meir krevjande og bør kompenserast.

3 Der lik rettsanvendelse er viktig, må embeta i samarbeid med styringsetatene jobbe vidare med harmonisering av praksis mellom embeta.

Seljord kommune støtter tilrådinga og dei grunngjevingane som ligg bak denne. Det er svært viktig at praksis er harmonisert mellom embeta så langt det lar seg gjere. Det bør jobbast konkret og systematisk med å få erfaringsdeling på tvers av embeta.

4 Embetene må sørge for god og tilpassa dialog med kommunene.

Seljord kommune støtter tilrådinga og dei grunngjevingane som ligg bak denne. Det er viktig at statsforvaltar sitt med god lokalkunnskap, noko som fordrar god dialog og kontakt med kommunane. Digital kontakt er bra, men ikkje nok aleine, og må kombinerast med fysiske møte. For vår del er det veldig viktig med moglegheit til å drøfte juridiske spørsmål med juridisk avdeling, og vi forventar grundige svar og råd frå statsforvaltar i juridiske problemstillingar vi står i. Slik det er i dag får vi sjeldan svar på slike spørsmål, og må søke andre aktørar for bistand.

5 Embetene og styringsetatene må jobbe mer målrettet for å få ned

saksbehandlingstiden ved å iverksette varige tiltak.

Seljord kommune støtter tilrådinga og dei grunngjevingane som ligg bak denne. Lang sakshandsamingstid er ei stor utfordring som må takast på største alvor.

Sakshandsamingstid på planer og byggesaker opp mot 9 månader er uhaldbart. Det må gjerast grep slik at restanselistene ikkje blir lange i utgangspunktet, samtidig som ein jobbar med tiltak for å få ned restansane.

6 Fylkeskommunenes grenser bør ikke definere statsforvalterembetets grenser, men fylkene sine yttergrenser bør følges slik at hvert fylke kan forholde seg til ett embete.

Seljord kommune støtter tilrådinga og dei grunngjevingane som ligg bak denne. DFØ sin undersøking viser at samanholdt med andre hensyn, er det få som meiner at fylkeskommunen sin grense bør vere avgjerande for inndelinga av statsforvaltarane. Samanfallande geografisk inndeling mellom statsforvaltar og fylkeskommunen har liten betyding for statsforvaltar sin oppgåveløysing, ifølge DFØ.

Det er kommunane, saman med innbyggjarar, næringsliv og andre statlege etatar, som er statsforvaltarane sine primære målgrupper. For statsforvaltaren er fylkeskommunen i mange samanhengar ein kommune blant fleire. Statsforvaltaren er minst like avhengig av eit godt samarbeid med regionale statsetatar, og desse fylgjer som hovudregel ikkje fylkeskommunen sin inndeling, og har normalt færre regionskontor enn det er fylker. Det er lite som tilseier at samanfallande geografisk inndeling mellom statsforvaltar og fylkeskommune er viktigare enn samanfallande geografisk inndeling mellom statsforvaltar og andre statlege regionale etatar.

7 Statsforvalterstrukturen bør ikke endres tilbake til slik den var.

Seljord kommune støtter tilrådinga og dei grunngjevingane som ligg bak denne. Dei forbettingsområde som er identifisert hos statsforvaltar i denne undersøkinga (så som sakshandsamingstid, harmonisering og samordning) lar seg ikkje løyse ved å endre på struktur. Det er difor vanskeleg å sjå nytten av ei endring sett opp i mot dei kostnadane det vil innebere slik DFØ skriv i rapporten. Omstillingar kostar alltid, og det er god grunn til å tru ny uro internt vil føre til nye rundar med lågare produktivitet og høg turnover. Det som var er ikkje meir, og dersom ein skal tilbake til dei gamle embeta er det heilt nye organisasjonar som må etablerast med alt det vil koste av ressursar. Når det gjeld Vestfold og Telemark spesielt, skriv DFØ og at dei er usikre på om det er mogleg å byggje opp solide nok fagmiljø to stader, tilsvarande det vi finner i dagens embete, noko som understøtter anbefalinga ytterlegare.

8 Dersom det skulle bli aktuelt å vurdere strukturen, må kostnader og nytte av ny inndeling vurderes grundig. Hvert embete bør vurderes for seg, der hensynet til rettssikkerhet og kvalitet på tjenestene må veie tungt.

Seljord kommune støtter tilrådinga og dei grunngjevingane som ligg bak denne. Om så skjer bør ein også vurdere ytterlegare oppgåvedeling mellom embeta.

**Alle svar må gjennom en manuell godkjenning før de blir synlige på
www.regjeringen.no.**